



Innkalling

Utval: FORMANNSKAP
Møtestad: Møterommet
Dato: 10.07.2017
Tid: Kl. 09:00

Solund formannskap er med dette kalla inn til møte.

Representantar med lovleg forfall eller som er ugilde i nokon av sakene, må snarast råd melde frå til Solund Servicekontor, telefon 57 78 62 00 eller e-post post@solund.kommune.no slik at vararepresentantar kan kallast inn.

Vararepresentantar til formannskapet møter etter nærare innkalling.

Saksdokumentata ligg til ettersyn i ekspedisjonen på kommunehuset

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
046/17	Skriv og melding	
047/17	Oppstart reguleringsplan brusambandet Ytre Steinsund	

Solund kommune
06.07.2017

Gunn Åmdal Mongstad
-ordførar-

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
046/17	Skriv og melding	
047/17	Oppstart reguleringsplan brusambandet Ytre Steinsund	



Arkiv: K1 - 033
ArkivsakID: 17/472
JournalpostID: 17/2207
Sakshandsamar: Sollaug
Steinsund
Osland
Dato: 07.07.2017

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
046/17	FORMANNSKAP	10.07.2017

Skriv og melding

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

32T

Saksnummer	Tittel
1	Gjeld framdrift i ferjeavløysingsprosjektet Ytre Steinsund



Sogn og Fjordane Fylkeskommune
hovudutval for samferdsle
6863 LEIKANGER

ArkivsakID: 17/170 JournalID: 17/2036 Arkivkode: K1 - 036, K2 - Q31 Dykkar.ref: Dato: 24.06.2017

Gjeld framdrift i ferjeavløysingsprosjektet Ytre Steinsund

Eg viser til brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet som gjeld *søknadsprosess og krav til søknad om ferjeavløysingsmidlar*.

Solund kommune er kjend med at det i desse dagar vert sendt søknad om førehandsgodkjenning for ferjeavløysingsprosjektet Ytre Steinsund. Det er flott at ein er komen så langt og at fylkeskommunen på denne måten syner ei positiv vilje til å gjere seg nytte av ordninga.

Fylkeskommunen vedtok i juni 2015 at det skulle gjennomførast eit forprosjekt for sambandet, m.a. for å få eit oppdatert kostnadsoverslag. Dette måtte vere på plass før ein kunne arbeide vidare med finansieringsplan. Solund kommune har hatt god dialog med både Fylkeskommunen og Statens Vegvesen i denne prosessen. Forprosjektet var klart i månadsskiftet april/mai og viser eit kostnadsoverslag på 685 mill inkl mva.

I kommuneproposisjonen for 2018 er det varsla ei endring i inntektssystemet for fylkeskommunane som gjeld kostnadsnøklar for ferjesamband. I den nye ordninga skal overføringane knytast meir til «normerte kostnader» og «tal på skulereiser med ferje». For dei ferjesambanda som har lågare driftskostnader enn det faste beløpet Fylkeskommunen har fått for kvart samband tidlegare, vil dette bety ein vesentleg reduksjon i kva som kan nyttast som ferjeavløysingsmidlar. I Sogn og Fjordane vil dette gjelde sambandet Ytre Steinsund.

Vidare går det fram av retningslinene at Fylkeskommunen kan velje å søkje etter gammal ordning. Vi meiner difor at dersom Fylkeskommunen har som intensjon å nytte seg av ordninga på dette sambandet, må ein lage ein framdriftsplan som gjer det mogleg å sende ein fullstendig søknad innan 31.12.2017.

Når det gjeld krava til ein slik søknad, vil vi peike på følgjande:

1. Det er krav til reguleringsplan. Solund kommune har kontakta Smidt & Ingebrigtsen som har utarbeidd forprosjektet, og fått opplyst at det grunnlaget som ligg i forprosjektet er nokså nær det grunnlaget som vil ligge i ein fullstendig reguleringsplan. Dette kan også Fylkeskommunen få stadfesta.

Vi meiner difor ein må kontakte KMD snarast for å få ein dialog om det er mogleg å nytte dette forprosjektet som grunnlag for eit kostnadsoverslag. Ev få avklara kva som må til av ekstra undersøkingar for å minske feilmargen på kostnadsoverslaget.

2. Prosjektet kjem ikkje inn under kravet om KS2
3. Vedtak i Fylkestinget. Det er varsla at ferjeavløysingsprosjekta skal vurderast i samband med RTP. Men for å få full utnytting av ferjeavløysingsordninga, bør endeleg søknad handsamast i desember 2017. Vi viser her til Kommuneproposisjonen for 2018, vedlegg 5 , punkt 4.8:

Fylkestinget kan gjere nytt vedtak eller stadfeste tidlegare vedtak om prosjektet etter at søknaden om ferjeavløysingsmidlar er behandla av departementa.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/d8f313564d0a4d3e8afc6432593aa932/no/pdfs/prp201620170128000dddpdfs.pdf>

Vi meiner at Fylkeskommunen har alt å vinne på å syte for ei framdrift i denne saka der ein har som mål å få sendt ein endeleg søknad i desember. Det vil i første omgang bety at ein får aksept frå departementet om å få vurdert eksisterande forprosjekt, ev med tilleggsutgreiingar, som eit kunnskapsgrunnlag som departementet kan berekne ferjeavløysingsbeløpet på. Solund kommune vil gjere det vi kan for å bidra her om naudsynt.

Fylkestinget har også, dersom ein ynskjer det, ein rettettmoglegheit dersom ein ikkje ynskjer å nytte seg av ordninga.

For øysamfunnet Solund er dette eit prosjekt som betyr enormt mykje. Dersom ein ikkje klarer å løyse det no i samband med den finansieringsordninga som føreligg, ser vi vanskeleg føre oss at ein klarer det seinare.

Eg ber difor om at samferdsleutvalet løftar denne saka og ber om ein framdriftsplan som har som mål å ha klart grunnlag for ein endeleg søknad i desember for sambandet Ytre Steinund. Vidare at ein snarast gjennomfører naudsynte avklaringar med departementet.

Med helsing


Gunn Åmdal Mongstad
ordfører



Arkiv: K2 - L12
ArkivsakID: 17/466
JournalpostID: 17/2174
Sakshandsamar: Gunn Åmdal
Mongstad
Dato: 04.07.2017

Saksframlegg

Saknr. utval	Utval	Møtedato
047/17	FORMANNSKAP	10.07.2017

Oppstart reguleringsplan brusambandet Ytre Steinsund

Ordfører sitt framlegg til vedtak:

Solund kommune startar straks opp arbeid med reguleringsplan for brusambandet Ytre Steinsund. Oppstart av arbeidet vert finansiert ved formannskapet si tilleggsløyving. Endeleg finansiering vert å kome attende til når kostnad for arbeidet føreligg.

Vedlegg i saka:

06.07.2017 Vedlegg 5 Oppdaterte retningslinjer for ferjeavløysingsordninga

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Prop 128S, Kommuneproposisjonen 2018

Kva saka gjeld:

Oppstart av arbeid med reguleringsplan for brusambandet Ytre Steinsund.

Saksutgreiing:

Sambandet Ytre Steinsund er eit fylkesvegsamband og er i framlegg til Regional Transportplan omtala som eit ferjeavløysingsprosjekt. I juni 2015 vedtok Fylkestinget at det skulle utarbeidast eit forprosjekt for å få oversikt over kostnader ved prosjektet. Dette forprosjektet vart overlevert Fylkeskommunen i mai i år, og kostnaden på heile bruprojektet er rekna til 685 mill, inkl mva.

Samferdsledepartementet fastsette 22.02.2016 retningslinjer for bruk av ferjeavløysingsmidlar. Desse vart reviderte i samband med Kommuneproposisjonen 2018. Her finn ein også omtala kva krav som vert stilt til søknadsprosessen. I ordninga med ferjeavløysing er det lagt til grunn at Fylkeskommunen sitt tap ved endring i inntektssystemet når sambandet vert avløyst av bru, skal kunne nyttast til å finansiere avdrag på bruprojektet i 40 år.

Slik inntektssystemet til Fylkeskommunane har vore til no, har det vore overført eit fast beløp på om lag 21 mill pr ferjesamband pr år i rammeoverføringane. Det vert trekt ut noko til vedlikehald, men ein vil likevel stå att med om lag 15 mill pr år. Driftskostnader i nytt anbod

på sambandet er om lag 10,5 mill.

I kommuneproposisjonen for 2018 er det varsla nye kostnadsnøklar for fylkeskommunane, noko som vil bety at det årlege tilskotet pr samband vert meir justert mot dei faktiske driftskostnadene. Dette vil bety ein vesentleg reduksjon i kva Fylkeskommunen kan vente å nytte til ferjeavløysing på dette sambandet.

I retningslinene er det opna for at Fylkeskommunen kan søke om ferjeavløysing for planlagde prosjekt etter gammal ordning dersom ein kan ha klar ein endeleg søknad innan 2017.

Hovudutval for samferdsle gjorde i møte 27. juni samrøystes vedtak om at ein skal arbeide for dette.

Dette vil mellom anna krevje at departementet kan akseptere at det utarbeidde forprosjektet kan nyttast som grunnlag for ei handsaming av finansiering. Solund kommune har ein dialog med både departementet og fylkeskommunen om dette. Ein har også undersøkt kva som er mogleg å få fram av ein reguleringsplan, og selskap ein har undersøkt med, meiner det kan vere råd å ha klart eit 1.utkast innan desember.

Slik ordførar ser det, er det viktig å gjere det ein kan for å få fram ein endeleg søknad etter gammal ordning. Vi må difor gjere det vi kan for å bidra til at grunnlaget for ein slik søknad er til stades.

Frå Statens Vegvesen får vi opplyst at det ikkje er aktuelt for dei å setje i gang arbeid med reguleringsplan no. Tidlegare har vi fått opplyst at dette vil skje i samband med handsaming av RTP.

Uansett kva ordning dette prosjektet skal søkast under, vil det vere trong for ein reguleringsplan før endeleg søknad kan sendast. Ordførar meiner difor det er viktig at dette arbeidet kjem i gang så raskt som mogleg, og meiner difor at Solund kommune sjølv må ta ansvar for dette. Dersom prosjektet vert vedteke som ein del av RTP, vil det vere aktuelt å søkje Fylkeskommunen om refusjon/delfinansiering av arbeidet.

Ein har ikkje undersøkt kostnad ved ein ferdig reguleringsplan, men frem til eit 1.utkast vil truleg ein måtte rekne med om lag kr. 500.000.

Finansiering må ein difor kome tilbake til når ein har fått innhenta tilbod.

Vurdering:

For heile Solundsamfunnet er dette ei så viktig sak at ein no må gjere alt som er mogleg for å få realisert dette prosjektet og bidra til at Fylkeskommunen kan nytte seg av ferjeavløysingsordninga. Ein tilrår difor at det straks vert sett i gong arbeid med reguleringsplan for sambandet.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Vedlegg 5**Oppdaterte retningslinjer for ferjeavløsningsordningen**

Fastsett av Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 22.02.2016. Revidert 23.03.2017.

1. Om ordninga

1.1 Eit ferjeavløsningsprosjekt inneber at det blir bygd eit nytt vegsamband, vanlegvis ei bru eller ein undersjøisk tunnel med tilhøyrande vegnett, som erstattar eller kortar inn på eit ferjesamband. Ordninga med alternativ bruk av ferjetilskot for fylkesvegferjer legg til rette for at fylkeskommunane kan delfinansiere slike prosjekt med midlane dei får for ferjesambandet gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet.

1.2 Ordninga blei behandla av Stortinget i samband med kommuneproposisjonen for 2016 (Prop. 121 S (2014–2015), jf. Innst. 375 S (2014–2015)).

2. Ansvarsdeling

2.1 Samferdselsdepartementet avgjer kva prosjekt som skal omfattast av ordninga, på bakgrunn av tilråding frå Statens vegvesen.

2.2 Kommunal- og moderniseringsdepartementet fastset storleiken på ferjeavløsningsmidlane.

2.3 Fylkeskommunane har ansvaret for sjølv å fremje saker som er aktuelle.

3. Vilkår for ordninga

3.1 Ordninga gjeld for fylkeskommunale ferjesamband som blir avløyst eller korta inn av eit fylkeskommunalt vegprosjekt.

3.2 Ordninga gjeld vegprosjekt som avløyser ferjesamband som var i ordinær drift per 1. januar 2016.

3.3 Før søknaden kan behandlast endeleg, må det liggje føre ein godkjent reguleringsplan og ein realistisk finansieringsplan for prosjektet, med eit kostnadsoverslag med ei uvisse på maksimalt +/-10 prosent. Fylkeskommunen skal sørge for at det er gjennomført ei ekstern kvalitetssikring ved større prosjekt. Beløpsgrensa for kravet om ekstern kvalitetssikring er den same som

grensa som til ei kvar tid gjeld for KS2 (Kvalitetssikring og kostnadsoverslag) i statlege prosjekt. Per desember 2016 var beløpsgrensa 750 mill. kroner.

3.4 Midlane som blir løyvde over denne ordninga skal nyttast til å finansiere ferjeavløsningsprosjektet, og ikkje andre føremål.

4. Søknadsprosessen

4.1 Fylkeskommunen skal avklare om vegprosjektet kjem inn under ordninga før den utformar den endelege søknaden om ferjeavløsningsmidlar. Førespurnad om ei slik førehandsavklaring skal rettast til Samferdselsdepartementet.

4.2 I samband med førehandsavklaringa, må fylkeskommunen be Kommunal- og moderniseringsdepartementet om eit overslag på kor mykje prosjektet kan utløyse i årlege ferjeavløsningsmidlar. Overslaget tek utgangspunkt i inntektssystemet slik det er på det tidspunktet førehandsavklaringa blir gjeve, og omfattar brutto ferjeavløsningsmidlar fråtrekt auka drifts- og vedlikehaldskostnader på vegnettet. Det faktiske beløpet blir fastsett i samband med behandlinga av den endelege søknaden.

4.3 Søknad om ferjeavløsningsmidlar, basert på eit fylkespolitisk vedtak, skal rettast til Statens vegvesen regionalt.

4.4 Fylkestinget må behandle søknaden, inkludert førebels finansieringsplan, og gjere eit prinsippvedtak om prosjektet før søknaden blir sendt til dei regionale vegmyndighetene.

4.5 Søknaden skal innehalde prinsippvedtaket frå fylkestinget, finansieringsplan med tilhøyrande dokumentasjon og informasjon om det nye vegnettet (inkl. framdriftsplan og opplysningar om endringar i veglengden fordelt etter vegtype/vegelement, vegstandard og trafikkprognose i ÅDT i opningsåret). Dokumentasjonen må stadfeste at prosjektet er i tråd med godkjent reguleringsplan. Viss prosjektet omfattar bompengefinansiering, skal bompengesøknad

og søknad om ferjeavløysingsmidlar sendast Statens vegvesen i same sak.

- 4.6 Statens vegvesen regionalt behandlar søknaden og gjev tilråding til Vegdirektoratet, som så gjev si tilråding til Samferdselsdepartementet. Samferdselsdepartementet avgjer endeleg om prosjektet skal inkludert i ordninga, ut frå vilkåra i retningslinjene.
- 4.7 Kommunal- og moderniseringsdepartementet fastset endeleg storleiken på ferjeavløysingsmidlane, inkludert lengda på utbetalingsperioden (jf. punkt 5.4). Fylkeskommunen blir underretta om dette.
- 4.8 Fylkestinget kan gjere nytt vedtak eller stadfeste tidlegare vedtak om prosjektet etter at søknaden om ferjeavløysingsmidlar er behandla av departementa.
- 4.9 I ferjeavløysingsprosjekt der fylkeskommunen stiller kausjon eller annan økonomisk garanti for verksemder som blir drivne av andre enn fylkeskommunen, må garantien godkjennast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (jf. § 51 i kommune-loven). Søknad om godkjenning av fylkeskommunal garanti kan sendast etter at søknaden om ferjeavløysingsmidlar er behandla, men vedtaket om ferjeavløysingsmidlar fell bort viss garantisøknaden blir avvist av departementet.

5. Utrekning av ferjeavløysingsmidlar

- 5.1 Ferjeavløysingsmidlane blir berekna på bakgrunn av tap innanfor inntektssystemet når eit ferjesamband blir avløyst av ei bru eller ein tunnel. Tapet blir berekna ved å sjå på effekten av å endre kriteriedata i utgiftsutjamninga i inntektssystemet. For vegprosjekt som kortar inn på eit ferjesamband utan å avløyse det heilt, vil departementet gjere eit overslag på endringa i kriteriedata for ferjesambandet.
- 5.2 Det berekna beløpet blir justert for endringar i drifts- og vedlikehaldsbehovet til fylkesveg i utgiftsutjamninga, sidan ei bru eller ein tunnel fører til ein auke i kompensasjonen i inntektssystemet for drifts- og vedlikehaldsutgifter til vegar. Justeringa er nødvendig for å hindre at fylkeskommunane får dobbel kompensasjon gjennom inntektssystemet. Justeringa blir berekna ved å sjå på effekten av å endre kriteriedata knytte til fylkesveg i utgiftsutjamninga i inntektssystemet.

5.3 Berekninga tek utgangspunkt i inntektssystemet slik det er på det tidspunktet søknaden blir behandla. Beløpet blir ikkje berekna på nytt viss det seinare blir gjort endringar i inntektssystemet eller i kriteriedata.

5.4 Det berekna beløpet ligg fast i inntil 40 år, men fylkeskommunen skal i sum ikkje få meir i kompensasjon enn kostnaden ved prosjektet som erstattar det nedlagde ferjesambandet.

5.4.1 Det er byggjekostnadene som blir lagt til grunn i berekninga av kor lenge fylkeskommunen skal få ferjeavløysingsmidlar for eit prosjekt. Renteutgifter til eventuelle lån for å finansiere prosjektet blir ikkje dekte av ferjeavløysingsordninga. Dette inneber at samla utbetaling i nominelle kroner ikkje skal overstige dei nominelle byggjekostnadene.

5.4.2 Meirverdiavgiftkompensasjonen skal trekkjast frå byggjekostnadene ved fastsetjing av berekningsgrunnlaget.

5.4.3 Kommunal- og moderniseringsdepartementet fastset lengde på utbetalingsperioden i samband med behandlinga av søknaden om ferjeavløysingsmidlar. Det blir opplyst om lengda på utbetalingsperioden i kommuneproposisjonen for det første året ferjeavløysingsmidlane skal betalast ut.

5.5 Det årlege beløpet til ferjeavløysingsmidlar blir prisjustert med den kommunale deflatoren frå året vedtaket blei gjort og fram til ferja er avløyst og midlane blir utbetalt. Beløpet blir vidare prisjustert med 2,5 pst. i heile perioden det blir utbetalt.

6. Utbetaling av ferjeavløysingsmidlar

6.1 Ferjeavløysingsmidlane blir utbetalt over rammetilskottet frå og med budsjettåret etter at ferjesambandet er avløyst. Midlane blir vist i tabell C-fk *Saker med særskild fordeling*, i Grønt hefte. Alle nye ferjeavløysingsprosjekt blir omtalt i kommuneproposisjonen for det året dei kjem inn under ordninga.

6.2 Fylkeskommunen må orientere departementa viss det skjer vesentlege endringar i framdriftsplanen for prosjektet.

6.3 Fylkeskommunen må stadfeste forventede dato for ferdigstilling av ferjeavløysingsprosjektet innan 1. mars året før ferjeavløysingsmidlane skal utbetalast. Stadfestinga skal sendast per brev til Kommunal- og

moderniseringsdepartementet og Samferdselsdepartementet. Viss fylkeskommunen ikkje melder frå innan denne fristen, vil det ikkje bli utbetalt ferjeavløysingsmidlar for det første året.

